



## Notat

Dato: 03.11.2016  
Arkivsak: 2016/2011-35  
Saksbehandlar: ireolse

---

Til: Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

---

### **Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06024 - Osterøy vgs - nybygg**

Rekneskap: 123 107 899,96

Budsjett: 123 100 000,-

Koro midler: 100 000,-

#### **Årsbudsjett 2007      løyving kr 1 000 000,-**

Fylkestinget bad i samband med handsaminga av budsjettet for 2006 om få lagt fram sak om planar for nybygg for den vidaregåande skulen på Osterøy. Lokala Osterøy vidaregåande skule har i dag er ikkje tilfredsstillande.

Etter dette vart det til fylkestinget i mars 2006 lagt fram sak 3/06 (Osterøy vidaregåande skule – Vurdering av nybygg) med nærmere vurdering av byggeplanane, og fylkestinget gjorde vedtak om å byggja ny vidaregåande skule på Osterøy. Vidare heiter det i vedtaket at fylkestinget vil ta standpunkt til framdrifta for bygget i budsjett- og plansamanheng. I saka er det teke utgangspunkt i ein ny skule på 4 000 m<sup>2</sup> til kr 20 000 pr. m<sup>2</sup>. Totalkostnaden vert då 80 mill. kr.

Gjeldande leigeavtale for skulen går ut i 2010, og fylkesrådmannen legg til grunn at nybygget kan stå klart til då. Det er ført opp 1 mill. kr i 2007, 7 mill. kr i 2008, 45 mill. kr i 2009 og sluttløyving på 27 mill. kr i 2010.

#### **Årsbudsjett 2008      løyving kr 10 000 000,-**

Fylkestinget godkjende juni 2007, sak 39/07, utdanningsprogram for den nye skulen, og at skulen skal dimensjoneras for 214 elevar. I saka vert det vist til at kostnaden for nybygget vert om lag 80 mill. kr.

Det er løyvd 1 mill. kr i 2007, og fylkesrådmannen fører opp 17 mill. kr i 2009, 35 mill. kr i 2010 og sluttløyving på 27 mill. kr i 2011.

#### **Årsbudsjett 2009      løyving kr 70 000 000,-**

Osterøy vidaregåande skule ligg i ein kommune med sterkt innslag av bedrifter med automatisert maskinering og robothandtering. Denne teknologien vil Osterøy vidaregåande skule dra nytte av ved eit nært samarbeid med Kompetansesenteret for avansert maskinering (KAM-senteret). Dette samarbeidet vil medføra trong for auka areal i nybygget.

Ny tannklinikks på Osterøy skal også plasserast i skulen, men desse investeringane vert budsjetterte under tannhelse i fylkeskommunen sitt budsjett.

Fylkesutvalet godkjende 19. juni 2008, sak 175, romprogram for nybygget. Romprogrammet har bruttoareal på 4 810 m<sup>2</sup> med slik fordeling:

Skulebygget (Eks. KAM-senteret):	3 915 m <sup>2</sup>
KAM-senteret:	675 m <sup>2</sup>
Tannklinikkk:	220 m <sup>2</sup>

I siste økonomiplan for perioden 2008-2011 vart det sett av 80 mill kroner til nybygget på Osterøy. Denne summen gjaldt kun skulebygget utan KAM-senter og tannklinikkk.

I fylkesutvalssaka om romprogrammet er det sett opp slikt nytt kostnadsoverslag :

Skulebygg (eks. KAM-senteret):	117,5 mill. kr
KAM-senteret:	13,5 mill. kr
Tannklinikkk (eks. utstyr):	<u>6,6 mill. kr</u>
SUM	<u>137,6 mill. kr</u>

Skulebygget medrekna KAM-senteret har eit kostnadsoverslag på 131 mill. kr. Hittil er det løyvd 11 mill. kr. Planen er å ha nybygget ferdig til noverande leigeavtale går ut i 2010. Det er ført opp 70 mill. kr i 2009 og sluttløyving på 50 mill. kr i 2010. Løyvinga til tannklinikken vert dekka løyvingar på tannhelsekapitlet

#### **Årsbudsjett 2010      Løyving kr 36 000 000,-**

Kostnadsramma er 117 mill. kr. Hittil er det løyvd 81 mill. kr. Planen er å ha nybygget ferdig til noverande leigeavtale går ut i 2010. Det er ført opp sluttløyving på 36 mill. kr i 2010. Løyvinga til tannklinikken vert dekka med løyvingar på tannhelsekapitlet.

#### **Fuv 119/2010      Løyving kr 6 000 000,-**

Utdrag frå saka:

«I budsjettet for 2010 er det løyvd kr.6,0 million kroner som rammeløyving til opprusting av tannklinikkar. I saka er det vidare gitt føringar om at ein vesentleg del av løyvinga vil gå til tannklinikki i nybygget for Osterøy vidaregåande skule.

Dei bygningsmessige arbeida knytt til tannklinik lokale i Osterøy er kostnadsrekna til 6,0 million kroner. Det er då ikkje tatt høgde for kostnadar til utstyr.

Skulebygget med tilhøyrande tannklinik er rekna fullført til skulestaten hausten 2010. Så langt er det ikkje løyvd midlar til ny tannklinik i samband med skulebygget. For å finansierer opp den forutsette delen av totalramma for prosjektet på Osterøy er det difor behov for at heile årets løyving til opprusting av tannklinikkar vert nytta til prosjektet .»

**Kommentar:**

Prosjektet med tilhøyrande garanti/etterabeid vart i praksis avslutta i 2015, med noko lisenskostnader også i 2016. Prosjektet er gjennomført i samsvar med vedtekne planar og i budsjett. Prosjektet vert no avslutta.

Bjarte Molvik  
Seniorrådgjevar

Irene Olsen  
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport